

Ein plass for alle

Born og unge i kyrkja i Jølster



Velkommen til to **KODE B**-samlingar
og gudsteneste med utdeling av
teikneserieboka Action Bibelen.

På Vassenden Kyrkjesenter:
måndag 30. januar + måndag 6. februar.
Gudsteneste i Ålhus kyrkje 12. februar 2023.

(NB! Påmelding, sjå side 3)



Hei!

Du som blir 10 år i løpet av 2023 i Ålhus sokn er invitert til to Kode B-samlingar og gudsteneste!

Måndag 30. januar og måndag 06. februar kl. 12.15 - 14.15 inviterer vi til samlingar for dykk 10-åringar på Vassenden Kyrkjesenter. Då skal vi utforske og bli meir kjent med Bibelen. Og kva betyr eigentleg «KODE B»? Det blir ulike aktivitetar og leikar, vi skal ete noko godt i lag og gjere førebuingar til gudstenesta den 12. februar. På måndagar er det kort dag på skulen, og borna går sjølv til Kyrkjesenteret ved skuleslutt kl 12.00. Vi avsluttar kl 14.15, slik at dei som treng det rekk skulebussen heim.

Søndag 12. februar kl. 11.00 er det familiegudsteneste i Ålhus kyrkje der du vil få ei flott teikneseriebok som heiter Action Bibelen som ei gåve frå kyrkjelyden.

Viss du berre har anledning til å delta på eitt eller to av dei tre arrangementa, så går det bra, men fint om de gjev beskjed.

Vi håpar DU kjem!! Hjarteleg velkomen!

Til føresette

Trusopplæring

Kyrkja og heimen har eit felles ansvar for å lære borna om den trua dei er døypte til. Difor inviterer vi til dette trusopplæringsarrangementet.

Din 4.-klassing

Har barnet ditt behov for spesiell tilrettelegging med omsyn til mat eller andre tilhøve? Ta kontakt på førehand!

Påmelding

Send påmelding innan **måndag 23. januar** på e-post til Gerd Sunde
Førde: gerd.forde@sunnfjordkyrkja.no eller send sms til 41693870.

NB! Hugs å oppgje namnet på barnet, evt behov for tilrettelegging, kva dagar barnet blir med på samling og namn/telefonnummer til ein av dei føresette.

Dersom de har spørsmål, er det berre å ringe til Gerd!

I løpet av arrangementet kan det hende vi tek bilete som kan bli publisert i kyrkjelydsbladet eller anna informasjonsmateriell. Meld frå dersom du ikkje ynskjer at bilete av ditt barn vert publisert. Portrettbilde vert ikkje publisert/brukt utan samtykke frå føresette til den som er på bildet.

Vennleg helsing Silje (prest) og Gerd (trusopplærar).



Neste trusopplæringsarrangement for 10-åringar:

Til hausten håpar vi at vi kan invitere deg til **Lys vaken-leir på Vassenden kyrkjesenter**, i lag med 10- og 11-åringane frå heile Jølster.